

Årsmøteprotokoll

26.08.2020

Det vart halde årsmøte i "Foreininga for Landsbyhuset Breidablik" onsdag 26.08.2020 kl. 20:00.

Møtet vart halde i Landsbyhuset Breidablik.

Sak 01/20 : Val av ordstyrar

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/20 : Godkjenning av innkalling

Årsmøtet vedtok samrøystes godkjenning av innkalling. Det var ikkje merknadar.

Sak 03/20 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Trond Torset vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/20 : Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet

Det var 9 stk. medlemar tilstades og desse representerte 9 røyster.

Sak 05/20 : Årsmelding og årsrekneskap 2019

- Årsmeldinga for 2019 vart lagt fram av styret og opplest av ordstyraren.

Årsmøtet vedtok samrøystes årsmeldinga for 2019. Det var ikkje merknadar.

- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2019 vart opplest.


Årsmøtet vedtok samrøystes årsrekneskapen for 2019. Det var ikkje merknadar.

Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/20 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2020

- Styret la ikkje fram budsjett for 2020, og orienterte om naudsynte gjeremål og planar vart gitt.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.



BREIDABLIK

Sak 07/20 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Toril Urkedal (økonomiansvarleg), Bjarthe Rovde (drift/teknisk) og Lisa Iversen (kjøken/utstyr/arr.) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2020.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller slik:
Attval: Toril Urkedal (økonomiansvarleg), Bjarthe Rovde (drift/teknisk), Lisa Iversen (kjøken/utstyr/arr.)

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga.

Styret for 2020 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

Styreleiar :	Harald Sætre	1 år
Økonomiansvarleg :	Toril Urkedal	2 år
Styremedlem :	Ingvill Helene Kristensen	1 år
Styremedlem :	Bjarthe Rovde	2 år
Styremedlem :	Steinar Skoge	1 år
Styremedlem :	Lisa Iversen	2 år

Sak 09/20 : Val av valnemd for 2021

- Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2021 utgjer ny valnemd : Harald Sætre, Ingvill Helene Kristensen, Steinar Skoge.

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2021.

Sak 10/20 : Val av revisor

- Styret innstiller på at attval av Jarle Gunnarstein som revisor.


Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til revisor.

Sak 11/20 : Generell orientering om drift og planar for tilbygg

- Det er innvilga lenga rammeløyve for påbygg av Landsbyhuset Breidablik.
Løyvet gjeld til 03.10.2022.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

Årsmøtet vart avslutta kl. 22:00.



Harald Sætre

Ordstyrar

Trond Torsset

medunderskrift